

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[796] N-77590 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 149, 156; 1988b: 18, 22; 1988c: 48, 50, 60; 1989: 93, 96f; 1990b: 18, 25, [44]; 1991: 71; 1994: 129; NIyR VI 161, 179, 183, omlata som A249; Seim 1991b: 26; Christophersen 1998: 27).

Innskrifta står på eit krossforma eigarmerke av tre, 76 mm langt, 15 mm breitt og 5 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1981, felt FG i hovudfase 7, som kan daterast til tida mellom ca. 1175 og 1225. Innskrifta står på den eine av breisidene og byr ikkje på spesielle problem med lesemåtar. Ho tek til eit stykke frå enden av "stommen" og dekkjer heile flata til og med nedre del av "krossarmane", dvs. at ho er 39 mm lang, og at runene er frå 9 til 12 mm høge. Siste rune, r. 8, rekk såleis frå ytterpunkt til ytterpunkt på desse krossarmane. R. 2 og 4 har opne bogar. R. 6 har eit tydeleg punkt eit lite stykke opp frå nedre enden. Sameleis er r. 7 også tydeleg punkttert.

ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ

u r m r a s e k

Ormr á sekk. 'Orm eig sekken'.

Innskrifta høyrer altså med til dei relativt mange som nyttar **u** med lydverdien /o/ i dette korpuset med merkelappar (jf. N795).

Eigarformularen her høyrer med til dei som har med eit objekt til verbet *eiga*. Av dei 16 frå Bergen og dei 3 frå Trondheim som har setning med subjekt verbal og objekt i formularen, er det i alt 4 med *sekk* som objekt i akkusativ. Dei tre andre (N678, 687 og 797) har likevel med demonstrativt pronomen i objektet (*penna*). Innskrifta her er såleis åleine om formularen i nett denne utforminga med objekt utan bestemmarledd knytt til seg. Objektet gir likevel ingen opplysning om kva vareslag merkinga gjeld. Men referansen til varer pakka i *sekk* viser til ein praksis for sjøvegs varetransport som i detalj er føreskriven i *Grágás* I, kap. 166. "Kvar mann skal syta for å få huder kring varene sine, slik at det er like mange sekker under like stor hudflate", heiter det i desse islandske føreskriftene for farmenn som skulle over havet (jf. Hagland 1988a: 154). Aktiviteten er i sagalitteraturen frå 1200-talet omtala som å *sekka vru* (*Njáls saga*, kap. 149, jf. Einar Ól. Sveinsson (ed.) 1954: 427)

Mannsnamnet *Ormr* er også belagt på to merkelappar frå Bryggen i Bergen (N717 og 718). I båd tilfelle er vokalen skriven med **u** (jf. N795 ovanfor). Det er all grunn til å tru at vi her har med eit spesifikt islandsk eller vestrønt drag å gjera, og at også dette merket må kunna sjåast som eit vitnemål om handel på Nidaros i mellomalderen vestanhavs frå (jf. Hagland 1988a: 148f og 1989: 92ff).